



Bykle kommune
Bykle ser langt

Resultat frå
Innbyggjarundersøkinga i
Bykle kommune 2020





Foto: Anders Martinsen

Innhold:

- 4 Innbyggjarundersøkinga i Bykle kommune
- 6 Bakgrunnsvariablar
- 8 Oppsummering av resultat frå undersøkinga
- 10 Tillit, tryggleik og omdøme
- 12 Miljø i kommunen
- 14 Klima
- 16 Levekår
- 18 Utbygging og utvikling
- 20 Kommunen som stad å bu
- 22 Næring og arbeid
- 24 Transport og tilgjengeleight i kommunen
- 26 Natur og landskap og friluftsliv
- 28 Bumiljø og senterfunksjonar
- 30 Servicetilbodet
- 32 Bustadttilbodet
- 34 Kultur og idrett
- 36 Møte med kommunen din
- 38 Tenestespørsmål

Innbyggjarundersøkinga i Bykle kommune

Bykle kommune gjennomførte i perioden frå januar til april 2020 ei innbyggjarundersøking. Bakgrunnen for innbyggjarundersøkinga er at Bykle kommune ønskjer å levere så gode tenester som muleg til innbyggjarane, og at det skal opplevast best mogleg å bu i kommunen. Då må kommunen vite kva innbyggjarane meiner om det å bu i kommunen og kva dei meiner om tenestetilbodet. Innbyggjarundersøkinga skal bidra til å utvikle kommunen som ein stad å bu og kvaliteten på dei tenestene kommunen yter. Kommunen nyttar Kommuneforlaget sitt verktøy «bedrekommune.no» i gjennomføringa av undersøkinga. Verktøyet er den plattforma som vert nytta i dei fleste kommunale innbyggjarundersøkingar i Noreg. Det er godt utprøvd og har eit grensesnitt som gjer det enkelt for innbyggjarane å svare, enkelt for kommunen å administrere og det gjev moglichkeit til å samanlikne kommunen med andre kommunar og landsgjennomsnittet.

Bykle kommune har sjølv stått for gjennomføringa av undersøkinga som vart sendt ut til alle folkeregistrert innbyggjarar over 18 år. Kommune nyttar EVRY som leverandør av utvalet. EVRY har løyve til å hente inn folkeregister opplysningar frå Skatteetaten. Informasjon om undersøkinga og tilgang til undersøkinga vart sendt til 783 respondentar som elektronisk post i Altinn. Dei som ønskja undersøkinga på papir fikk høve til det.

Dei som har svart på undersøkinga er sikra anonymitet gjennom verktøyet «bedrekommune.no».

Totalt har 268 personar, 34 % av utvalet, svart på undersøkinga. I denne rapporten ser vi på gjennomsnittlig score for alle spørsmåla og dimensjonane i undersøkinga, og samanliknar med gjennomsnittet for landet. Samanlikninga med gjennomsnittet for landet gjev nyttig informasjon om korleis Bykle kommune ligg an i forhold til resten av kommunane i Noreg.

Det er viktig å streke under at denne rapporten ikkje er ei analyse, men ei oppsummering av dei oppnådde resultata. Sjølve analysen av resultata vert ein del av det vidare arbeidet med undersøkinga, der ein skal nyttiggjøre seg av innbyggjaranes meningar i utviklinga av kommunens tenester og tilbod.

Bakgrunnsvariablar

Innbyggjarundersøkinga vert innleia med nokre utvalde bakgrunnsspørsmål der innbyggjarane vert spurta om kjønn, alder og andre kjenneteikn. I KS' innbyggjarundersøking er bakgrunnsvariablane obligatoriske og kan ikkje veljast bort.

Bakgrunnsvariablane har to formål: å finne ut om dei som har svart utgjer eit representativt utsnitt av innbyggjarane og å gje kommunen høve til å sjå om tilfredsleita er forskjellig mellom ulike innbyggjargrupper.

Kjønn	Fordeling
Mann	44 %
Kvinne	56 %

Alder	Fordeling
18-39 år	34,7 %
40-66 år	57,4 %
67 år og eldre	7,9 %

Høgste fullførte utdanning	Fordeling
Grunnskule	6 %
Vidaregåande skule	39,2 %
Universitet/høgskule	54,7 %

Talet personar i husstanden	Fordeling
1 person	21,3 %
2 personar	35,4 %
3 personar	13,7 %
4 personar	22,4 %
5 personar eller fleire	7,2 %

Alder på medlemmane i husstanden	Fordeling
0-17 år	22,8 %
18-39 år	29,5 %
40-66 år	40,3 %
67 år og eldre	7,4 %

Kva for bustad bur du i?	Fordeling
Einebustad	78,8 %
Rekkehus/tomannsbustad	4,9 %
Leilegheit	7,6 %
Hybel/hybelleilegheit	3 %
Trygdebustad/omsorgsbustad	1,1 %
Anna bustad	4,5 %

Eigeform bustad	Fordeling
Eiger sjølv (sjølveigar, burettslag mv.)	83,4 %
Leigar	16,6 %

Kvar er du fødd?	Fordeling
Noreg	88,8 %
Norden	4,1 %
Europa	3,7 %
Utanfor Europa	3,4 %



Oppsummering av resultat frå undersøkinga

Innbyggjarundersøkinga er utforma med spørsmål om «grad av nøgdheit» som respondentane svarar på etter ein skala frå 1- 6, der 6 er 'svært nøgd' og 1 er 'svært misnøgd'.

I tabellen under har vi henta inn tall aggregera til «samleområde» der kvart samleområde utgjer det vi omtalar som ein dimensjon. Det er totalt 18 dimensjoner i undersøkinga og kvar dimensjonane inneholder eit sett av indikatorar, som tydar at tala synar eit samla resultat frå fleire enkelspørsmål som vektast ulikt. Vektinga av dei ulike enkelspørsmåla ligg inne som ein standard i innbyggjarundersøkinga og vert nytta likt for heile landet. Det er difor relevant å samanlikne Bykle kommunes tal for dei 18 dimensjonane med snittet for landet. Ein har valt å nytte landsgjennomsnittet for 2019, da landsgjennomsnittstala for 2020 berre byggjar på innbyggjarundersøkingar frå 2 kommunar.

Dei dimensjonane der Bykle kommune har tal som er betre enn landsgjennomsnittet er markert med grønt, dei tala som er like landsgjennomsnittet er markert med gult og dei tala som er dårlegare enn landsgjennomsnittet er markert med raudt.

Dey er verdt å merke seg at Bykle kommune har betre tal enn landsgjennomsnittet på 9 av dei 18 dimensjonane, like tal som landsgjennomsnittet på 2 av dei 18 dimensjonane og dårlegare tal på 7 av dei 18 dimensjonane. Bykle kommunes snitt på dei 18 dimensjonane ligg noko over landsgjennomsnittet for 2019.

Spørsmålskategori	Bykle 2020	Snitt Noreg 2019
Tenester frå kommunen – brukar	4,7	4,5
Tenester frå kommunen – inntrykk	4,6	4,2
Næring og arbeid	3,8	4,0
Transport og tilgjenge i kommunen	3,2	3,3
Miljø i kommunen	5,4	4,9
Klima og energi	3,6	3,8
Natur og landskap og friluftsliv	4,4	4,5
Levekår	4,4	4,2
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen	4,1	4,1
Servicetilbodet	4,0	4,3
Bustadttilbodet	3,9	3,8
Kultur og idrett	4,4	4,5
Utbygging og utvikling	3,5	3,8
Tryggleik	5,4	5,0
Kommunen som bustad	4,8	4,7
Møte med din kommune	3,7	3,6
Tillit	3,8	3,8
Omdøme (Heliskapsvurdering)	4,5	4,0
Snitt totalt	4,2	4,1





Tillit, tryggleik og omdøme

Vi vel å sjå dimensjonane *tillit, tryggleik og omdøme (heilskapsvurdering)* i samanheng, da dette er faktorar som påverkar kvarandre. Tillit og tryggleik er viktige faktorar i eit omdømeperspektiv.

Tillit



Vi ser at innbyggjarane i Bykle kommune angir å ha noko større tillit til politikarane i Bykle kommune enn gjennomsnittet av kommunar i landet. Når det gjeld tilliten til at kommunen fylgjer lovar og reglar, og handsamar like saker likt, er tilliten noko lågare enn landsgjennomsnittet.

Tryggleik



Når det gjeld dimensjonen *tryggleik* er det jamt over svært høg score i norske kommunar. Respondentane i Bykle kommune angir ein oppleving av trygghet som ligg litt høgare enn landsgjennomsnittet. Innbyggjarane opplever altså at det er trygt å bo og ferdast i kommunen sin.

Omdøme (heilskapsvurdering)



Scoren på dimensjonen *omdøme (heilskapsvurdering)* er knytt til eit spørsmål der innbyggjarane vert spurta eksplisitt om kommunens omdøme. Innbyggjarane opplever av kommunens omdøme er summen av korleis dei vurderer at kommunen vert oppfatta av omgjevnadene. Omdøme er sterkt knyt saman med den tillit kommunen vart gjeven frå innbyggjarane og omgjevnadene. Ein kommunes omdømekapital består av dei positive relasjonar organisasjonen har utvikla, dei erfaringane og dei forteljingane som har festa seg om organisasjonen over tid og som gjev grunnlag for tillit (Omdømeverktøy KS). Bykle kommune har ein score på omdøme som ligg signifikant over landsgjennomsnittet.



Foto: Anders Martinsen

Miljø i kommunen

Bykle kommune skal være ein god stad å bu, og da er kvaliteten på drikkevatnet og lufta, og det opplevde støy nivellet viktige faktorar. Handtering av avfall og sortering av avfall til gjenvinning, er faktorar som påverkar den einskilde sin mogiligheter til å bidra til eit betre miljø lokalt og globalt. Bykle kommune scorer høgare enn landsgjennomsnittet på alle spørsmåla innanfor denne dimensjonen.

Støy nivået der du bur?



Luftkvaliteten?



Henting av husholdningsavfall?



Høvet til å sortere avfall for gjenvinning?



Kvaliteten på drikkevatnet?



Noreg 2019 Bykle 2020

Klima

Klimautfordringane er globale, men dei krev at ein og handlar lokalt. Bykle kommune scorer under landsgjennomsnittet når det gjeld kommunenes innsats for å møte klimautfordringane. Dette kan indikere at kommunen må bli flinkare til å kommunisere korleis kommunen jobbar for å møte klimautfordringane. Befolkinga i Noreg er generelt opptekne av klimautfordringane og innsatsen for å møte dei. Det er difor viktig at kommunen bidreg til best mogleg kunnskap blant kommunens innbyggjarar.





Foto: Anders Martinsen



Levekår

At innbyggjarane opplever at det er gode levekår i kommunen er viktig for bulyst og for tilflytting. Bykle kommune scorer godt over landsgjennomsnittet på tre av fire spørsmål innanfor dimensjonen *levekår*. Når det opplevelinga av naboskap og sosialt fellesskap ligg scoren noko under landsgjennomsnittet.



Utbygging og utvikling

Innanfor dimensjonen *utbygging og utvikling* har Bykle kommune ein score som ligg under landsgjennomsnittet på alle spørsmåla. Bykle kommune er en kommune i vekst og det er stor utbygging av fritidsbustader. Generelt er det krevjande å både sikre utvikling og samstundes take omsyn til friluftsområde og dyrka mark. Utviklinga av kommunenesenteret, andre buområde og leke- og aktivitetsområder er viktig for å sikre bulyst.




Foto: Anders Martinsen



Kommunen som stad å bu

På dimensjonen *kommunen som stad å bu* er snittscoren i norske kommunar bra. Det er den i Bykle kommune og. Kommunen scorar høgare enn landsgjennomsnittet når innbyggjarane vurderer området dei bur i og korleis det er å bu i kommunen. Likevel er scoren noko under landsgjennomsnittet på spørsmålet om i kva for grad dei vil tilrå vene og kjente å flytte til kommunen.

I kva for grad vil du tilrå dine vene og kjente å flytte til kommunen?



Å bu i kommunen?




Området der du bur?



Noreg 2019 Bykle 2020


Nærings og arbeid

Bykle kommunen ligg geografisk sett plassert langt vekk frå dei store arbeidsmarknadene i landsdelen. Ein kan anta at dette påverkar korleis høve til å få arbeid innan rimelig avstand frå heimen, vert vurdert. Kommunen scorer under landsgjennomsnittet både på dette spørsmålet og spørsmålet om korleis ein vurderer høve til å etablere eigen verksemd i kommunen.



Transport og tilgjenge i kommunen

Bykle kommune har relativt få innbyggjarar spreidd over eit stort geografisk område. Nabokommunane har det same særtrekket. Dette kan være medverkande årsaker til at innbyggjarane ikkje opplever at kollektivtilbodet inn og ut av kommunen, og internt i kommunen er tilfredsstillande. På bære område ligg scoren signifikanter under landsgjennomsnittet. Når det gjeld tilrettelegging for fotgengjarar og syklistar ligg og scoren noko under landsgjennomsnittet, men når det gjeld standard på vegar og gater ligg scoren signifikanter over landsgjennomsnittet.



Natur og landskap og friluftsliv

Bykle kommune er en kommune med mange og store etablerte område for fritidsbustader, og det er samstundes betydeleg utbygging av nye område. Denne situasjonen krev at kommunen tek omsyn til naturen og landskapet. På spørsmål om i kva grad kommunen tek vare på naturen og landskapet, vert scoren noko under landsgjennomsnittet.

For at ein kommune skal opplevast som ein god stad å bu og leve, er tilrettelegging av friluftsliv ein viktig faktor. På dette området scorer Bykle kommune noko over landsgjennomsnittet.

Korleis kommune tek vare på naturen og landskapet?



Tilrettelegging for friluftsliv?



Noreg 2019 Bykle 2020



Foto: Anders Martinsen

Bumiljø og senterfunksjonar

Dimensjonen *bumiljø og senterfunksjonar* er knytt til i kva grad kommunen har lykkes med stadutvikling gjennom å skape bumiljø og sosiale møteplassar som gjer det attraktivt for innbyggjarane å nytte fritida si i eigen kommunen.

Bykle kommune scorer signifikant over landsgjennomsnittet når det kjem til orden og reinhald på offentlege stader, mens scoren på spørsmåla om folkeliv og aktivitet i kommunen, og møteplassar for å treffe andre, ligg noko under landsgjennomsnittet.





Foto: Anders Martinsen



Foto: Anders Martinsen

Servicetilbodet

Eit godt utval av kafear, uteliv, bank, post og butikktilbod er viktig for stadutvikling i ein kommune. For ein kommune i vekst, slik som Bykle kommune, er desse faktorane særskilt viktig å ha eit fokus på. Tilbakemeldingane i undersøkinga er at kommunen og aktørane lykkast noko under landsgjennomsnittet.



Bykle kommune

Hovden Kommunedelpl

Fremtidig
LSE OG ANLEGG

Bustader

Fritidsbustader

Sentrumsformål

Forretninger

Fritids- og turistformål

Turistattraksjoner

Utdanningsinstitusjoner

Naturvern og miljø

Kultur og idrett

Andre formål

N
L
.

Bustadtilbodet

Ein kommune som har ambisjon om å halde på eksisterande innbyggjarar og å tiltrekke seg nye er avhengig av eit godt fungerande bustadmarked med gode høve til å skaffe seg ulike bustadstyper.

Respondentane i undersøkinga gjev ein score på høvet til å skaffe seg tomt som ligg signifikant over landsgjennomsnittet, medan scoren når det gjeld høvet til å skaffe seg einebustad/rekkehus ligg noko under landsgjennomsnittet. Når det kjem til høvet til å skaffe seg leilegheit ligg scoren signifikant under landsgjennomsnittet.

Høvet til å skaffe seg tomt?



Høvet til å skaffe seg einebustad/rekkehus?




Høvet til å skaffe seg leilegheit?



Kultur og idrett

Eit godt og lett tilgjengelig tilbod innan kultur og idrett er viktig for både bulyst og folkehelse i ein kommune. Respondentane gjev Bykle kommune ein score som ligg signifikant under landsgjennomsnittet for høvet til å delta i idrett og høvet til å delta i andre fritidsaktivitetar. Når det gjelde kulturtildobet er scoren lik landsgjennomsnittet.





Møte med kommunen din

Dimensjonen *møte med kommunen din* får ein samla score som ligg noko over landsgjennomsnittet. Eit jamt godt resultat på spørsmåla i denne dimensjonen fortel at innbyggjarane i kommunen opplev god dialog med kommunen og har tillit til dei som fattar avgjersler.

Informasjonen frå kommunen?



Kor raskt du får hjelp/svar på spørsmåla dine?



Serviceinnstillinga hjå dei tilsette i kommunen?



Korleis kommunen følgjer opp det som har vorte lova?



Høvet til å påverke kommunale avgjersler?



Korleis folkevalde i kommunen løysar lokale utfordringar?



Korleis folkevalde i kommunen lyttar til innbyggjærane synspunkt?






Tenestespørsmål

Dimensjonen *tenestespørsmål* er retta direkte mot det kommunal tenestetilbodet. Det er ikke naudsynt med eigen erfaring med tenestetilbodet for å kunne svare på spørsmåla, da det i undersøkinga vert skilt mellom dei som har nytta tenestene og dei som ikkje har nytta tenestene.

I likskap med i andre kommunar ser ein at dei som har nytta ein teneste er meir nøgd enn dei som ikkje har nytta ei teneste. Dette vert omtala som «omdømegapet».

Bykle kommune scorar noko over eller signifikant over landsgjennomsnittet på alle tenesteområda, bortsett frå servicetorget og internettbaserte tenester. På desse to spørsmåla ligg scoren noko under landsgjennomsnittet.

På spørsmålet om kor nøgd innbyggjarane er med tenestetilbodet samla sett, ligg scoren signifikant over landsgjennomsnittet.




Noreg 2019

Bykle 2020

Tenestespørsmål

Innbyggjarar som ikkje har brukt tenesta



■ Noreg 2019 ■ Bykle 2020



